

# **Styremøte i V.I.L**

## **Klubbhuset**

**25.02.2013**

**Kl 19.30-22.00**

Desse møtte: Einar Hoel, Yvonne Dale, Karianne Vestre Døving, Ellisiv V. Jarvik, Eivind Magne Glomnes, Jan Ole Fuglem, Trond Håvoll, Dagrun Rem.

### Sakliste

#### 1) Orientering frå gruppene

Trim: Ferdig med Årsmøtet og funne ny leiar (Nelly Ytterli).

Fotball: Meldt på fotballag til ny sesong. Sparekorta er klare til å seljast og i tillegg skal fotballgruppa no prøve å selje fisk.

Friidrett: Roleg periode no. Har hatt Årsmøte.

#### 2) Førebuing til Årsmøtet (Onsdag 27/2)

Det er ingen andre saker enn dei vanlege årsmøtesakene på Årsmøtet.

Rekneskap: Rekneskapet blir ikkje teke opp på Årsmøtet pga revisorane har ikkje fått nok tid til å sjå på det. Derfor må det bli eit fortsettande årsmøte seinare for å få vedta rekneskapet. Rutinane rundt rekneskapet må skjerpast. Ein må ha betre kontroll, og føre underbilag til sjølve bilaget for å vite nærmare.

Ikkje alle rekneskapa frå gruppene stemmer heilt pga inntektene frå Olsok har ikkje blitt overført enno. Dessutan er ein del postar blitt feilført.

Det er ein minus på 195.000 kr for Hovudlaget på drift. Mykje av det kan forklarast ved store investeringar på klubbhuset og ein del utstyr som har vore kjøpt inn.

Økonomien til gruppene er stort sett bra. Det er Langrennsgruppa som har mest utfordringar.

Årsmelding: Kvar enkelt gruppe skal ha si Årsmelding og alle skal bli samla i eit felles hefte som blir delt ut på Årsmøtet.

Skal vere med i Årsmeldinga:

- Det har vore 7 styremøter

- 279 medlemmar har betalt kontingent (320 stk i 2011)
- Idrettsskulen
- Klubbhuset
- Kunstgras
- Tilsette
- Arrangement

Arbeidsplanar: Kvar gruppe skal setje opp sin eigen arbeidsplan. Ein del kan vidareførast frå sist år. Ein del har vore gjort, og ein del står igjen. Greitt å ha ein plan å sjå på/jobbe mot. Det hadde vore greitt å ha eit årshjul for å huske alle fristar (kulturmiddlar, moms osv)

Budsjett: Alle gruppene skal setje opp sitt budsjett som blir framlagt på årsmøtet.

Er det noko spesielt vi kjem på at vi treng? Det kom forslag om at det hadde vore greitt med fleire benkar utanfor kiosken. Elles sett vi opp budsjettet etter forventa inntekter og utgifter.

Organisasjon: Taekwondo bør bli invitert inn i idrettsrådet. Dei kan søkje om kulturmiddlar. Taekwondo er ikkje medlem i idrettslaget.

Kontingent: Det blei enighet om å auke kontingenen litt.

Familie: auke med 100 kr.

Enkelt medlem: auke med 50 kr.

Val: Valnemnda legg fram si innstilling til årsmøtet.

### 3) Mangfaldsdag den 13. april.

Det var enighet om at idrettslaget bør møte der og gjere seg synleg.

Aktivitetsdag PU den 27. april.

Ellisiv V. Jarvik møter på informasjonsmøte den 6. mars på Kraftsenteret.

Yvonne Dale kan møte på sjølve aktivitetsdagen den 27.april.

### 4) Marknad den 6. april

Underhaldning: Elling Heggen m/ band underheldt?

Viser fram fotballdrakter i år også.

Programleiar: Spørje Bjørn Inge Ruset eller Dagrun Vikesland.

